



Tokke

Utlysing - drivar av Lastein Bryggjekafé

Krav til opningstider for sommarkafé på Lastein bryggjekafé

Lastein Bryggjekafé skal haldast open for publikum i sommarsesongen. Med sommarsesong meinast perioden frå 15. mai til 20. august. Det skal vere faste opningstider i denne perioden. Ut over dette står drivar fritt å ha ope.

Krav til drivar

Vi ønskjer ein drivar som kan tilby variert og god servering til alle besøkande på Lastein Bryggjekafe. Kaféen skal vere ein stad der besøkande kan kjøpe forfriskningar og enkle retter av god kvalitet. Som drivar av serveringsstaden blir det stilt krav til godt omdømme og god kredittverdigheit. Tilbydar er sjølv ansvarleg for innhenting av serveringsløyve og andre naudsynte tillatingar.

Leigepreis

Leigepreisen for å drifte sommarkaféen på gnr. 22 bnr. 113 i Tokke kommune er sett til ein fast sum på **kr X,- ekskl. mva per måned**. Leiga vil bli indeksregulert årleg etter konsumprisindeksen.

Leigekontrakt

Vi ønskjer eit godt og langsiktig samarbeid med ein drivar av Lastein Bryggjekafé. Dette føreset at begge paratar er nøgde med samarbeidet. Leigekontrakten vil ha ei leigetid på inntil fem år. Etter ein periode på to år vil drifta bli evaluert, mellom anna med omsyn til om driftskonseptet har lykkast, og om det er vesentlege avvik i budsjettet i forhold til det som opphavleg er oppgitt i søknaden. Dei første åra forutset utleigar at drivar nyttar kapital til å etablere og profilere kaféen i marknaden.

Leigetakar besørger og bekostar drift og innvendig vedlikehald av bygningen, uteserveringsområda, tekniske anlegg, kjøkkenutstyr og fast inventar. Leigetakar må ivareta uteareal i tråd med forvaltningsplanen, blant anna ved å fjerne søppel på uteområdet og hindre innføring av blomsterartar som frør seg sjølv. Utleigar er ansvarleg for ytre vedlikehald.

Søknad og tildelingskriterium

Tokke kommune prioriterer søknader som:

1. Har evne til å ta økonomisk og praktisk ansvar for drift, vedlikehald og liknande (kompetanse/erfaring/økonomi)
2. Kan tilby variert og god servering til alle besøkande.
3. Fokus på miljø, klima og bærekraft. Bruk av kortreist/lokalmat.
4. Opningstider i sesong.
5. Det vil vere ei vurdering i tildelinga av leigekontrakt av Lastein Bryggjekafè, om drifta kan vere med å sikre ein serveringsstad på Dalen som er open heile året.





Tokke

Leiekontrakt blir tildelt den søkeren som Tokke kommune etter ei heilskapleg vurdering finn best eigna til både å skape eit godt serveringstilbod og til å ta godt vare på bygget.

Søknaden må innehalde ei beskriving av følgjande:

- Ein realistisk forretningsplan
- Driftskonsept, inkludert:
 - Konsept for kaféen på Dalen bryggje, inkludert serveringstilbod og menyforslag
 - Opningstider og dagar
 - Ei kort beskriving av korleis konseptet er miljøvennleg og berekraftig, til dømes om råvarene er økologiske, kortreiste/lokalmat, og om det blir nytta resirkulert materiale i serveringsutstyr, samt handtering og minimering av avfall.
- Anna som kan ha betydning for drifta.

Vi ser fram til å motta søknaden din og til eit framtidig samarbeid.

